




IKON: Vøringsfossen, eit reiselivsikon der Statens vegvesen satsar tungt.

FOTO: NORFILM AS



BRU: Selskapet Consolvo skal byggja trappebru over fossen.

ILLUSTRASJON: CARL-VIGGO HØLMEBAKK AS



SIKRARE: Ny og sikker gangveg på kanten av juvet. **FOTO:** KJERSTI WOLD, STATENS VEGVESEN

■ Gjesteteljar stoppa på 243.000 ved Fossli

Populært punkt

Sesongen for open parkeringsplass og toalettanlegg på Fossli er over for i år.

ELI LUND
eli@hardanger-folkeblad.no
97572494

Statens Vegvesen informerer om at parkering og toalettanlegg ved Fossli er tilgjengeleg frå 1. april - 31. oktober med atterhald om små eller normale snømengder.

Ved ferdsl på utsiktspunkta må det til ei kvar tid takast om-

syn til vør og føre.

Dermed er opningstidene på parkering og toalettanlegg utvida med 14 dagar i kvar ende, samanlikna med ordinær opning og stenging, melder Marit Stadheim i Destinasjon Eidfjord.

Registrerer ikkje alle

Gjesteteljarane ved Vøringsfossen har i år talt 243.000 besøkande i perioden frå 1. mai til 24. oktober 2019 på Fossli, og 218.000 besøkande på Fossetromma (i svingen ned til vestre utsiktspunkt).

På Fossli er det fleire vegar inn på anlegget og publikum har ulikt rørslemønster. Difor er dette talet noko usikkert.

I 2018 kom ikkje teljaren ved Fossli hotell opp før 24. mai. Tala frå 2018 er difor frå den dato og fram til 26. september.

På fire månadar vart det registrert eit dagleg snitt på 989 personar på Fossli i 2018, og totalt 123 687 personar frå slutten av mai til slutten av september.

I framlegg til statsbudsjett føreslår regjeringa 150 millionar kroner til **Nasjonale turistveger** i 2020. Løyvingane dei to føre-

gåande år var på høvesvis 180 millionar kroner i 2018 og 170 millionar kroner i 2019.

Trappebru klar i 2020

Hausten 2020 vil trappebrua som skal binda Fossli og Fossetromma ved Vøringsfossen saman stå klar til bruk. Samtidig startar arbeidet med tilrettelegging og sikring på Fossetromma.

«Med regional og lokal medfinansiering vil det vera mogleg å få fullført Vøringsfossen, Gjende og Torghatten på Helgelandskysten innan 2023», skriv

turistvegseksjonen i Statens vegvesen.

Nasjonale turistveger omfattar 18 vegstrekningar med ei samla veglengde på 2 151 kilometer.

Satsinga på dei 18 vegstrekningane skal styrka det norske reiselivsproduktet med ein særegen attraksjon der kombinasjonen av landskap, køyrete, arkitektur og kunst freistar bilturistar til å ha Noreg som feriemålet sitt, skriv **turistvegseksjonen**.

VOS2
bygd for sterke opplevingar

Leiar digitalisering og IT

Se www.mercuriurval.no for fullstendig utflysning. Spørsmål om stillinga kan rettast Mercuri Urval v/ Gro Reinertsen tlf. 975 59 058 / Tarald Mong tlf. 975 59 036. Søknadsfrist seinast: 11. november 2019.

It's All About People™

Mercuri Urval